

Bacheloroppgåve

Kandidatnummer: 10001

Talemålsvariasjon i Vinje kommune

Analyse av fire informantars ytringar

Bacheloroppgåve i Nordisk språk og litteratur

Veileder: Ivar Berg

Juni 2020

Innhaldsliste

1. Innleiing.....	2
2. Kva er vinjemål?.....	3
3. Informantar og metode.....	6
4. Målmerke.....	9
4.1 Konsonantsambandet <i>//</i>	10
4.2 Konsonantsamband med <i>/</i>	10
4.3 Konsonantsambandet <i>rn</i>	11
4.4 Konsonantsambandet <i>nd</i>	11
4.5 Kløyvd hokjønn.....	11
4.6 Jamvekt og tostava infinitivar.....	12
4.7 Palatalisering av velarar.....	12
5. Informantdata.....	13
5.1 Variabel 1 – Konsonantsamband med eldre <i>//</i>	13
5.2 Variabel 2 – Bortfall av eldre <i>/</i> før labial eller velar konsonant.....	14
5.3 Variabel 3 – Konsonantsamband med eldre <i>rn</i>	16
5.4 Variabel 4 – Konsonantsamband med eldre <i>nd</i>	17
5.5 Variabel 5 – Hokjønnsbøyning i bunden form eintal.....	18
5.6 Variabel 6 og 7 – Jamvekt og bortfall/kontraksjon i infinitiv.....	20
5.7 Variabel 8 – Morfofonologisk veksling av velarar.....	22
5.8 Resultat.....	23
6. Påverknadsfaktorar og årsaksdrøfting.....	25
7. Konklusjon.....	29
8. Litteratur.....	30

Talemålsvariasjon i Vinje kommune

Analyse av fire informantars ytringar

1. Innleiing

Vinje er namnet på den nordvestlegaste kommunen i Vestfold og Telemark fylke. Det er ein stor kommune, den 25. største i Noreg rekna totalt areal (Kartverket, 2020), med grenser til Agder, Rogaland, Vestland og Viken. Bygdene i Vinje har frå gamalt av vore «[...] ein møtestad for kulturstraumar frå ymse kantar, med di at ei av hovudfarleiene millom aust og vestland frå aurgamalt av gjekk her» (Myran et al., 1966:13). Likevel var det ikkje alt av impulsar som nådde og påverka Vinje i like stor grad som i meir sentrale strok, som for eksempel ifrå embets- og bykultur, og Myran et al. (1966:12-13) foreslår at sidan visse religiøse rørsler, som kunne kople delar av folkeleg kultur med synd og verdslegdom, ikkje fekk like sterk påverknad her som i dei meir sentrale stroka, har ein i dag, det vil seia 1960-talet, bevart meir av den folkelege kulturen. Tilhøva over påverka då òg korleis målet brukta i Vinje har utvikla seg. Men berre dei siste 70-80 åra har det norske samfunnet vore gjennom omfattande endringar, som har påverka talemålet i landet på nye vis (Røyneland, 2018:242-243), og sjølv om effekten av endringane råkar ulikt frå stad til stad, har òg truleg talemålet i Vinje blitt påverka i ein eller annan grad.

Denne oppgåva skal analysere ytringar produserte av to eldre og to yngre informantar. Ytringane er gjorde opptak av, og alle informantane er oppvaksne i Vinje kommune. Frå dataa som resulterer frå kvar informant, skal eit utval bli samla under åtte variablar, som vil bli jamført individuelt og informantane imellom, samt med eldre skildringar av områdets mål, frå 1821 og 1906. Ved å gjera dette får ein tverrsnitt av målet frå ulike tider, og kan undersøkje kva som har eller ikkje har endra seg, og kva for variasjon som finst blant talemålsbrukarane for kvar variabel under tidspunktet for opptaka. I tillegg får kvar informant ein «dialektscore», som syner kor stor prosent av variablane som blei ytra med tradisjonell form. Sjølv om verken talemålsskildringane eller informantopptaka kan gjeva eit

fullstendig bilete av talemålet i Vinje kommune under kjeldenes respektive tider, freistar eg likevel å kunne oppdaga visse mønster, samt peike på moglege utviklingslinjer i vinjemålet. Eg vil altså undersøkje mogleg variasjon i talemålet til fire informantar frå Vinje, ved å setje opp målmerke karakteristiske for vinjemålet i variablar, og sjå om formene som dukkar opp samsvarar med korleis vinjemålet er skildra i litteraturen. Ved eventuelle ulikskapar vil eg freiste å trekke fram moglege påverknadsfaktorar for kva som har forårsaka ulikskapen.

2. Kva er vinjemål?

Men først; kva er eigentleg vinjemål? Det kan vera vanskeleg og problematisk å fastslå at visse geografiske område har språkbrukarar som berre snakkar på éin bestemd måte, at kvar plass har sin dialekt med andre ord, for språkbrukarar kan meistre og nytte ulike varietetar, både språk og dialektar, samt variere innanfor eitt og same språksystem (Røyneland, 2008:17). Men ifylge nettverksteorien påverkar menneske kvarandre, og folk som bur nær einannan og jamleg møtast, vil over tid snakke likare kvarandre (Tvitekkja, 1998:18). Ein finn derfor ofte mønster når ein undersøkjer plassar eller område, for eksempel utbreiing av målmerke som tjukk / eller jamvekt, der lingvistisk og geografisk avstand heng saman, og varietetane som er nytta frå plass til plass gradvis blir endra gjennom eit dialektkontinuum (Røyneland, 2008:20). I språklitteraturen har det blitt presentert fleire inndelingar av det norske målområdet basert på slike mønster, og i Helleland & Papazian (1981:44, 50-51) blir det vist til ei todeling, i austnorsk og vestnorsk, der austnorsk igjen kan bli delt inn i tre «målgreiner», nemleg austlandsk, midlandsk og trøndsk, og vesttelemål, som omfattar blant anna Vinje og Rauland, et eitt av fire hovudmålføre innan midlandsk att. Vidare fører forfattarane opp nokre særmerke for vesttelemålet, som lite jamning, historisk *hv-* som *kv-*, ikkje tjukk / og retrofleksjering, innskotsvokal, historisk // som *dd*, og bortfall av / framom enkelte konsonantar (Helleland & Papazian, 1981:51). Slik inndeling og opplisting av målmerke vil likevel berre vitne om mønster, og talemålssituasjonen ein gjeve plass vil vera kompleks nok til at mønstera ikkje konsistent kan gjelde for alle språkbrukarane som bur og talar der.

Slik vil det vera i Vinje òg, og det kan derfor bli vanskeleg å fastslå kva for kriterium som må bli oppfylte for at ein språkbrukar skal tala vinjemål, samt kor vinjemålet geografisk er utbreitt. Rikard Berge skriv:

Maalføret i det gamle Vinje prestegjeld eller Vinje og Rauland høyrer maalgeografisk til vesttelemaali og til den nordre luten av desse (nordvesttelemarksken). Medan Øyfjøll med sitt maal høyrer til Laardal, og nokre gardar paa Sud-Møsstrond hev havt ættir som tala Selgjords-maal, hev me storluten av Møsstrond med Tinn-maal, meir eller mindre reint. (1940:230)

Dette syner at skiljelinjene mellom varietetar ikkje treng vera klåre, og sjølv stader innanfor same kommunegrense kan ha fleire likskapstrekk frå andre kommunar, her Tokke og Seljord. Ikkje-språklege forhold har ofte mykje å seia for korleis varietetar kan bli geografisk delte inn, sidan det ofte er vanskeleg å setje endelege lingvistiske grenser i eit dialektkontinuum (Røyneland, 2008:21), og Vinjes kommunegrense kan nok tene som ei oppfatta geografisk avgrensing av vinjemålet. Omgrepet «vinjemål» dukkar nemleg stadig opp, både på folkemunne, i media og i litteratur, og det verkar som om det eksisterer ei oppfatning av eit talemål kopla til området Vinje kommune femnar. Termen «språksamfunn» har blitt bruka om område som kan bli avgrensa geografisk, sosialt eller etnisk, og samtidig lingvistisk, men det kan variere om det blir lagt vekt på eit felles lingvistisk system, felles normer og haldningar til språk, eller psykologisk realitet (Røyneland, 2008:31). Ein kan skilje ut Vinje som eit eige språksamfunn ut ifrå éin eller fleire av desse faktorane, og kalle målet innbyggjarane snakkar «vinjemål». Å definere ein varietet ut ifrå sosiopolitiske forhold, som med utbyggingsspråk (Røyneland, 2008:18), kan vera ein mogleg tilnærningsmåte om ein skal skilje ut vinjemålet som noko eige, sjølv om det då ikkje nødvendigvis blir teke høgde for den språklege variasjonen som kan førekoma.

Ein annan strategi for å skilje ut eit mål som noko eige, er å undersøkje kva som skil det frå talemåla rundt, altså den lingvistiske avstanden, som med avstandsspråk (Røyneland, 2008:18). Som nemnd grensar Vinje kommune til mangt, men mykje av grenseområda ligg i høgtliggende område med lang veg til busetjing: Hardangervidda i nord, Haukelifjell i vest og Bykleheia i sørvest. Sjølv om det finst klare likskapstrekk mellom måla i dei høvesvis vest- og sørliggjande nabobygdene Røldal/Hovden og målet i Vinje, finst det òg viktige skilnadar, og målet i både Ullensvang og Bykle blir rekna som vestnorske, blant anna på grunn av at dei

ikkje har kløyvd infinitiv (Helleland & Papazian, 1981:55). Aust- og sørøver er det derimot tettare mellom bygdene, og det kan vera færre klare ulikskapar å peike på, samt, som det kjem fram over, vanskelegare å trekke lingvistiske grenser. Hans Ross (1906) er den eine av to dialektkildringar som blir nytta i oppgåva her, jamfør s. 9, og han nemner blant anna skilnadar som førekjem frå område til område i Vest-Telemark. Det blir peikt på interne forskjellar mellom områda som ligg i dagens Vinje kommune, altså Vinje og Rauland, som for eksempel at substantiv som endar på -e i bøyninga i Vinje, endar med -i i Rauland (Ross, 1906:18). Men ein kan òg finne trekk felles for Vinje/Rauland, som skil seg frå måla i bygdene aust- og sørøver, blant anna ikkje jamning av diftongar før lang samlyd, som i Seljord og Kviteseid, bortfall av / i visse konsonantsamband, realisering av konsonantsambandet // som dd, og eldre endings-r som æ etter samlyd i alle aktuelle ord (Ross, 1906:9, 11-13). Mo i Tokke deler òg desse trekka, men skil seg for eksempel ut med å ha -a-ending i nominativsforma av jamvektsord (Ross, 1906:3). Eg fører ikkje opp alt av skilnadar mellom Vinje og omland her, men understrekar at dette er ein metode for å avgrense ein varietet.

I avhandlinga til Sigfrid Tvitekkja (1998:61) sette ho eit a priori minstemål av dialekt for informantane sine, for å avgjera om dei var høvelege til undersøkinga hennar, nemleg at dei ikkje skulle ha «jæi» eller «ikke» som dialektformer, sidan det var variasjonen i det opphavlege taletmålet på staden ho ville avdekkje, og personar som nytta seg av desse formene til vanleg, i liten eller ingen grad nytta andre opphavlege former. Frå eigen erfaring som «vinbyggje» (sjå s. 10) deler eg Tvitekkjas syn om at desse to formene er viktige for resten av varieteten personar frå Vinje brukar; om ein språkbrukar frå Vinje varierer mellom «jæi» og «eg» og «ikke» og «ikkje» er det truleg heile språksystemet det blir variert i, og ikkje variablar internt i språksystemet. Informantane i denne oppgåva nytta aldri desse «uoppførlige» formene, og har i tillegg klar overvekt av andre opphavlege former, så om ein skal kategorisere informantanes taletmål ut ifrå ytringane dei har produsert på dei nytta opptaka, med forholda over i mente, vil det ikkje vera uhøyrd å seia at dei talar vinjemål. I resten av oppgåva kjem eg til å gå ut ifrå at det er vinjemål informantane talar, og dermed at ytringane deira representerer vinjemålet. Det er likevel viktig å hugse på at dette er ei forenkling, både av informantanes taletmål og av vinjemålet.

3. Informantar og metode

Nordisk Dialektkorpus (Johannessen et al., 2009) har gjort opptak av talemål rundt omkring i Norden, inkludert i Vinje, innan tidsperioden 2006-2010. For den norske biten av korpuset har det vore visse krav til informantane, nemleg at dei skal vera fødde og oppvaksne på staden for målepunktet, og at dei helst ikkje skal ha budd vekke frå denne staden i meir enn sju år til saman, verken i jobb- eller utdanningssamanheng (Johannessen et al., 2009). Det blir òg informert om at det for kvart målepunkt skal vera fire informantar, ein mann og ei kvinne under 30 år, og ein mann og ei kvinne over 50 år, men for opptaka som er gjorde med Vinje som målepunkt, er det av ukjende grunnar to eldre kvinner og to yngre menn som er informantar i staden. Dei to kvinnene fortel at dei er fødde og oppvaksne i Rauland, mens UM01 seier han er fødd i Stavanger, UM05 seier han er fødd i Edland, og båe seier dei er oppvaksne i Edland. Vidare informerer korpuset om at opptaksprosessen har vore tredelt, beståande av eit intervju mellom ein og ein informant og ein prosjektassistent, ein samtale mellom informantane sjølve utan andre til stades, her delt opp mellom kvinnene og mennene, og eit spørjeskjema, der informantane skal vurdere setningars ordstilling opp mot eigen dialekt (Johannessen et al., 2009). Informantdataa som blir nytta i denne oppgåva kjem utelukka frå opptaka dei to fyrstnemnde metodane resulterte i.

Når ein samlar inn data til ei undersøking vil ein naturleg nok at dataa skal vera truverdige. Men i nokre tilfelle kan dette vera vanskeleg å avgjera. I sosiolinguistikk finst det ei førestilling, om enn svært omdiskutert, om det uformelle, uanstrengde daglegspråket, omtala av William Labov som «casual speech» eller «the vernacular», og dette «eigentlege» språket til informantar er somme tider idealet å få fram, slik at ein får mest truverdige og representative data (Akselberg & Mæhlum, 2008:81-82). Men dette kan vise seg vanskeleg å få tak i. «Vi ønsker å finne ut hvordan folk snakker når de ikke er under systematisk observasjon og overvåking av en forsker, og den beste måten vi kan innhente slike data på, er gjennom systematisk observasjon» (Akselberg & Mæhlum, 2008:82). Denne vansken blir kalla observatørens paradoks, og har mest truleg påverka informantane under opptakssituasjonen i noko grad her òg. Men ved å intervju, og særleg ved å lata

informantane konversere seg imellom utan oppsyn, blir det skapa ein kommunikasjonssituasjon som liknar meir på situasjonar språket blir bruk i elles, samanlikna med metode tre som konkret rettar seg mot språket, og dette er eit forsøk på å få fram informantanes «casual speech». Dataa frå dei to fyrste metodane vil då forhåpentlegvis vera produserte med minskad grad av sjølvrefleksjon og medvit over eigen produksjon, og vil vera meir representative for korleis kvar informant «eigentleg» snakkar.

I tillegg til å kunne bli påverka av å vita at eigne ytringar blir observerte, kan informantane òg bli påverka av fleire andre faktorar. Språktillpassingsteorien «[...] er grunnleggjande oppteken av dei underliggende motivasjonane for å tilpasse seg språkleg, og dei språklege og sosiale konsekvensane av denne tilpassinga» (Tvitekkja, 1998:20), og det er nærliggande å forvente at informantane frå Vinje tilpassa seg språkleg den situasjonen dei var i då opptaka blei spelt inn. Korleis tilpassinga går føre seg kan variere frå individ til individ, og både konvergens og divergens kan skje, med ulike motivasjonar bak (Tvitekkja, 1998:21). Akselberg og Mæhlum seier at det er viktig «[...] å være klar over de mange forholdene som kan influere på den enkeltes talemål, og ta disse i betraktning når en skal tolke et innsmalet materiale» (2008:82). I dette tilfellet kan desse vera prosjektassistentens eige mål, informantane relasjonar seg imellom, kor komfortable informantane er med ein framand, (u)medvite ynskje om korleis ein vil bli oppfatta språkleg, og så vidare. Dette er komplekst, og det kan vera vanskeleg å fastslå akkurat korleis språktillpassing går føre seg under ein opptakssituasjon. Likevel kan språktillpassingsteorien bidraga til å oppdaga og forklare former, og gjeva djupare innsikt i materialet ein undersøkjer.

Når ein analyserer språk kan ein gjera det utifrå to heilt ulike synsvinklar, diakront, der ein ser på språket som ein historisk prosess, eller synkront, der ein skildrar språket på eit bestemt historisk tidspunkt (Hovdhaugen, 1986:23). Denne oppgåva skal undersøkje den synkrone variasjonen i talemålet til kvar enkelt informant då opptaka blei gjorde, for så å jamføre resultata informantane imellom, både for å leggje fram synkron variasjon i talemålet i Vinje under opptakstidspunktet, men òg for å kunne seia noko om den diakrone variasjonen i kommunens talemål. Carl Hj. Borgstrøm poengterer at «[...] man ikke kan skrive

sproghistorie uten å disponere over noen slags beskrivelser av de sprogtilstander som utviklingen går gjennom [...]» (1958:13-14), og vidare at «[e]n viktig side ved den diakroniske lingvistikk er at den utforsker forholdet mellom eldre og yngre sprogformer og derved kan fortelle noe om opprinnelsen til, og slektskapet mellom forskjellige sprog» (1958:102), eller i vårt tilfelle mellom forskjellige talemålsvariantar. Sjølv om dataa frå informantane er henta frå om lag same tid, har informantane tileigna seg målet sitt og levd i ulike tider. Dersom endringar i vinjemålet har funne stad kan ei jamføring av samtidige målformer frå ulike generasjonar gjeva eit glytt i målets utviklingstendensar.

Eg skal som nemnd jamføre informantanes ytringar, som eg går ut ifrå representerer vinjemålet, med to tidlegare skildringar som omhandlar vinjemålet, nemleg Niels Svenungsens *Det norske fjeldsprog*, originalt frå 1821, og Hans Ross sitt verk *Norske bygdemaal II: Vest-telemaal* frå 1906. I forordet sitt fortel Odd R. Monge at Svenungsens verk er eit resultat av ni års innsamlingsarbeid med ord frå Vinje og bygdene omkring (Svenungsen, 1985:14), truleg Mo og Fyresdal (Berge, 1940:231). Hans Ross sitt verk er eit oversyn over grammatiske og lydlege forhold ved «Vest-Telemaali», og han skriv at «[d]ei uppsette dømi er fraa Vinje, naar inkje anna er sagt» (Ross, 1906:4). Men det kan vera vanskeleg å seia i kor stor grad desse to målskildringane tok høgde for talemålsvariasjonen som var å finne i Vinje då dei blei skrivne. Tidlegare har dialektologar vore mest interesserte i det tradisjonelle målet for området dei har undersøkt, og gått ut ifrå at avvikande former frå dette er eit resultat av seinare standardpåverknad (Van Herk, 2018:45). Uansett kva tilfellet måtte vera, er funna gjorde av Svenungsen og Ross handfast empiri, som viser at formene dei har skildra har funnest blant språkbrukarar i Vinje, og dette gjev moglegheit til jamføring med former frå dagens talemål, slik at ein kan oppdaga og peike på moglege utviklingslinjer vinjemålet kan ha gått i.

Som sagt er det berre fire informantar fordelte på to generasjonar eg hentar dataa til denne oppgåva frå, så resultata oppgåva legg fram kjem naturleg nok ikkje til å gjeva eit heilskapleg bilet av talemålssituasjonen i Vinje. Likevel vil dei, som med dialektkildringane, leggje fram empiri for at visse målformer er å finne blant språkbrukarar i kommunen, og ein kan ut ifrå

dette foreslå mønster som moglegvis finnast. Tuitekkja (1998:48) seier at bruk av både kvantitative og kvalitative metodar for å kaste ljós over same problemstilling styrkjer analyseresultata, og sjølv om dataa ikkje er dekkande for heile Vinje, organiserer eg førekomstane av dei kvantitatitv for å få ei oversikt til å kunne samanlikne numerisk med, i tillegg til å behandle dei kvalitatitv, basert på eigen kunnskap og evne til å oppfatte mønster (jf. Tuitekkja, 1998:43). Som nemnd er eg sjølv «vinbyggje», fødd og oppvaksen i Edland, og nyttar den lokale dialekten herifrå. Eg kjem dermed òg til å spe på med eigen kunnskap om kommunens mål i den kvalitative behandlinga.

Til slutt kan det vera verdt å merkje seg at sjølv om det meste av Nordisk Dialektkorpus sin transkripsjon av opptaka brukta i denne oppgåva, stemmer godt overeins med det informantane seier, er det nokre avvik her og der. Nokon ytringar er berre skrivne ned som «uninterpretable», og andre har blitt tolka med feil tyding. I tillegg er det ein del vokalar informantane produserer som ikkje samsvarar med nokon av teikna for vokalar i norsk skriftspråk, og transkripsjonen av desse varierer. Korpuset informerer sjølv om at transkripsjonen er ganske grov, som fylgje av at dei ville gjera transkripsjonane leselege for flest mogleg, samt at talet på «transkribører» som var involvert var såpass høgt at det ville teke for lang tid, i tillegg til å auke faren for individuelle ulikskapar blant transkripsjonane, dersom dei hadde gjort transkripsjonane for detaljerte, og ikkje brukta det norske alfabetet (Johannessen et al., 2009). Dei transkripsjonane eg meiner ikkje er korrekte og treng endring, er endra, og eg signaliserer dette ved å skrive den opphavlege transkripsjonen i ein parentes bakom det endra ordet.

4. Målmerke

I denne bolken blir eit utval målmerke presentert. Utvalet er gjort med tanke på kva for trekk som enten er karakteristiske for vinjemålet, eller kva for trekk det kan vera forventa å finne endringar i, gjeve at det har vore nok førekomstar av former, der ein forventar trekket blant informantanes ytringar, å samanlikne med. Informantdataa representative for kvart målmerke blir lagde fram som variablar i neste bok, slik at ein kan undersøkje i kor stor grad

målmerka er å finne, samt korleis dei eventuelt har endra seg då informantopptaka blei spelt inn.

4.1 Konsonantsambandet //

Realiseringa av konsonantsambandet // som /d:/ er eit trekk ein i dag kan finne i Indre Agder og i Vest-Telemark, sjølv om fleire stadnamn, for eksempel frå sørlege delar av det tidlegare Vest-Agder, vitnar om at trekket var å finne andre stader òg (Skjekkeland, 1997:118-119).

Kristin Bakken skriv:

Det blir antatt at delateraliseringen forutsetter en segmentering /l:/ → /dl/, slik at /d:/ er å oppfatte som et assimilasjonsprodukt av /dl/ [...]. Dette forløpet er forenlig med den geografiske distribusjonen av henholdsvis /dl/ og /d:/, for delateraliseringen er lokalisert til det østlige randområdet av *dl*-segmenteringen (2001:189).

Overgangen frå /l:/ til /d:/ hender berre dersom det frå gamalnorsk var ein lang konsonant, slik at det kan oppstå skilnadar internt i eit ords paradigme, som med formene *adde*, men *alt*. Overgangen hender heller ikkje når konsonanten er sekundær, det vil seia eit assimilasjonsprodukt av eldre *Id* (Bakken, 2001:184), eksempelvis *kvell*, ikkje *kvedd*, eller, i mange tilfelle, når konsonantsambandet er etterfylgt av ein annan konsonant (Ross, 1906:12), eksempelvis *fjødd* og *fjødde*, men *fjøllsæter*.

4.2 Konsonantsamband med /

I Setesdal og Vest-Telemark har konsonantsamband som inneholdt / etterfylgt av ein labial eller velar konsonant ofte fått bortfall av /, i tillegg til ei forlenging av vokalen som måtte stå før, og òg dette trekket verkar å ha vore meir utbreitt sørover i Vest-Agder, ut ifrå stadnamn som er å finne der (Skjekkeland, 1997:113-114). Bakken (2001:186) spesifiserer at det ser ut til at det er artikulasjonsstad som har vore avgjerande for om bortfallet har hendt eller ikkje, og at det er konsonantar som på dette området skil seg mest ifrå /, nemleg dei labiale og dei

velare, som har fremja bortfallet. Vidare fortel ho at ein generelt kan seia at vokalen framom dei stemde konsonantane er lang, mens vokalen framom dei ustemde konsonantane er kort (Bakken, 2001:187).

4.3 Konsonantsambandet *rn*

Fleire stader har eldre *rn* blitt assimilert til /n:/ (Skjekkeland, 1997:117), og i Telemark kan resultatet òg ha blitt at konsonanten er kort med ein lang vokal framom, for eksempel *garn* > *gårn*, men òg *kvern* > *kvenn* (Bakken, 2001:190). Om denne endringa har skjedd i eitt steg eller ikkje er det noko uklåre rundt, men Bakken (2001:190) skriv at det kan sjå ut som om *rn*-differensiering tidlegare kjenneteikna Vest-Telemark, så det kan moglegvis ha vore *dn*-former i talemålet her tidlegare, lik som i nabomåla vest og sørvest (Skjekkeland, 1997:117), men då med ei utvikling som *garn* > *gådn* > *gårn*.

4.4 Konsonantsambandet *nd*

Realiseringa av konsonantsambandet *nd* utan assimilasjon til /n:/ er eit trekk ein finn over store delar av vestlandet, samt i Indre Agder og i midlandsma (Skjekkeland, 1997:119, 121). Assimilasjon av dette konsonantsambandet er eit austnordisk drag, som har spreidd seg vestover til dei austlege områda i Noreg, og område der konsonantsambandet har halde seg kan bli sett på som reliktområde, upåverka av denne austlege novasjonen (Skjekkeland, 1997:117).

4.5 Kløyvd hokjønn

I gamalnorsk var det ulik ending i bunden form eintal av sterke og svake hokjønnsubstansiv, og denne skilnaden kan ein framleis finne i mange målføre i dag, sjølv om endinga med -a i

både kategoriar er den vanlegaste, og er å finne spreidd utover størsteparten av Noreg (Skjekkeland, 1997:131-133). Frå kart 13 og 14 i Skjekkeland (1997:262-263) ser ein at dei svake hokjønnssubstantiva endar på *-a* i Vinje, mens dei sterke enten endar på *-i* eller *-e*, og skiljet på sistnemnde ser ut til å gå tvers gjennom kommunen, omtrent der den tidlegare grensa mellom kommunane Rauland og Vinje gjekk, jamfør interne skilnadar i vinjemålet over. Endinga på *-e* har Vinje felles med dei fleste hine midlandsmåla, samt Brønnøy og ein flik av Setesdal, mens endinga på *-i* berre er å finne i den nordre og austlege delen av Telemark, samt i Indre Sogn (Skjekkeland, 1997:262).

4.6 Jamvekt og tostava infinitivar

I det meste av midlandsmåla har jamvektsregelen verka i infinitiv og i svake hokjønnssubstantiv i ubunden eintal, men i det meste av Vest-Telemark finn ein likevel endinga *-e* i hokjønnssubstantiva med opphavleg kort rotstaving (Skjekkeland, 1997:215). Det kan også finnast både korte og lange former i infinitiv, blant anna avhengig av om verbet hadde kort eller lang staving i gamalnorsk, eller kva rotvokal verbet har (Skjekkeland, 1997:172).

4.7 Palatalisering av velarar

I norsk kan dei velare plosivane /g/ og /k/ bli palataliserte til høvesvis /j/ og /ç/, og «[...] palatalisering i framlyd (trykksterk staving) er allmenn i norsk i dag der *g* og *k* opphavleg (i norr.) *anten* stod føre fonemet /j/ eller føre trykksterk *i, e, æ, y, ø, ei* og *øy*» (Skjekkeland, 1997:96-97). Det finst nokre unntak, blant anna i innlånte ord, som viser at denne palataliseringsregelen ikkje er produktiv i dag (Skjekkeland, 1997:97). Palatalisering av velarar i innlyd kan også førekoma, men då i konsonantsamband som inneheldt velar + *j* eller før vokalane *i* og *e*, ettersom det berre var desse to av dei palatale vokalane som fanst i bøyingsendingar, og det har vist seg at innlånte ord også kan bli ordna inn under dette systemet (Skjekkeland, 1997:98), som i så fall må seiast å vera produktivt. Vilkåra for denne

palataliseringa kan føre til at det kan oppstå ei veksling mellom palataliserte og ikkje-palataliserte former av ei ordstamme, jamfør *bok* og (*instruksjons*)*bokje* s. 23. Denne vekslinga er ei fonologisk veksling i «[...] allomorfer som representerer samme morfem [...]» (Bjorvand, Hovdhaugen & Simonsen, 1986:300), og er dermed eit eksempel på ei morfonologisk veksling.

5. Informantdata

Her skal dei representative dataa for målmerka presenterte over, henta frå informantane ytringar, bli lagde fram som variablar, slik at ein kan jamføre dei ulike formene som måtte dukke opp med kvarandre. Dette gjev eit samanlikningsgrunnlag opp mot dialektkildringane av Svenungsen og Ross, slik at ein kan undersøkje kva som eventuelt har endra seg. Talet på førekommstar av ei form hjå ein informant står bak sitt respektive ord, i tillegg blir det ført opp ein samla prosent for eit trekks førekommstar, og avvik frå det, for kvar generasjon, samt for alle informantane samla, runda av til nærmeste heile tal. I transkripsjonane nedanfor blir *kj*-samband uttala som ein ustemd palatal friativ, *sj*-samband blir uttala som ein ustemd postalveolar friativ, *rn*-samband blir uttala som ein stemd retrofleks nasal, og (*n*)*ng*-samband blir uttala som ein stemd velar nasal. Som sagt kan òg vokalkvalitet variere, og nokre gonger vera i grenseland mellom norske skriftteikn, særleg tydeleg i mange ord notert med ø, der lyden heller er lik ein /ø/. «GK» står for «gamal kvinne», og «UM» står for «ung mann», slik det òg gjer i korpuset.

5.1 Variabel 1 – Konsonantsamband med eldre //

All > GK04: *alle* (3), GK08: *adde* (5), UM01: *alle* (4), UM05: *adde* (4).

Fjell > GK08: (*Øy)fjødd* (1), UM01: *fjell(byggd)* (1), (*håg)fjell* (1).

Full > GK08: (*trekk)fudde* (1).

Ille > UM01: *ille* (2).

Kolle > GK04: *køllur* (1), *køddur* (1).

Ull > GK04: *udd* (1), GK08: *udd* (1), *uddi* (1).

GK: 27% *ll*, 73% *dd*.

UM: 58% *ll*, 42% *dd*.

Samla: 41% *ll*, 59% *dd*.

GK08 og UM05 har gjennomført realisering av *ll* som *dd* der det er forventa å finne, mens UM01 ikke har denne realiseringa i heile teke. GK04 har førekommstar av både delar, og «rettar» seg sjølv i eitt tilfelle: «[...] dæi bruka sjlike køllur køddur sa dæi vell» (Johannessen, 2009). UM01 seier *fjellbyggd* éin gong, og dette stemmer overeins med at *ll* ikke går over til *dd* dersom konsonantsambandet er direkte etterfylgt av ein konsonant, men sidan rotvokalen i fyrste del av ordet ikke er den tradisjonelle, kan dette òg vera ei innlåna form. Utifrå dialektksildringane verkar det som om *dd* er den rådande realiseringa av konsonantsambandet, sjølv om ein del ord òg har ein variant med *ll*. Svenungsen (1985) har ført opp «Addæslag» (s.29), «Fjød» (s.40), «Koddæ» (s.48) og «Udh» (s.82). I Ross (1906) er det ført opp «*addə*» og «*allə*» (s.30), «*fjød`de*» (s.19), «*fjödd*» og «*fjöll*» (s.7), «*full*» (s.59), «*iddi*» og «*iddə*» (s.33,49) og «*udd*» (s.5). Blant informantdataa er det omtrent like mange førekommstar av både realiseringane, og det ser ut til at vinjemålsbrukarar kan realisere eldre *ll* som *dd* konsekvent, om einannan, eller ikke i det heile. Ifylgje den samla prosenten for kvar generasjon er *ll* på veg inn att for *dd*, og der det blant dei eldre informantane enten er konsekvent bruk av *dd* eller blanding mellom dei to konsonantsambanda, er det blant dei yngre enten konsekvent bruk eller konsekvent ikke bruk av *dd*.

5.2 Variabel 2 – Bortfall av eldre / før labial eller velar konsonant

Folk > GK04: *føllk* (1), *følke(tale)* (1), GK08: *føllk* (1), *(by)føllkjje* (2), UM05: *fokk* (1), *føllk* (1).

Fylgje > GK04: *fyje* (2), *fygde* (2).

Helg > UM01: *hæg* (1), *hæje* (4), UM05: *hæje* (3).

Kalv > UM05: *kåve* (*uninterpretable*) (1).

Kjelke > GK04: *kjåkkje* (*kjårrtje, kjokkje*) (2), *kjellkar* (1).

Mjølk > GK04: *mjåkk* (1).

Sjølv > GK04: *sjav* (1), *sjov* (2), GK08: *sjov* (1).

GK: 35% /, 65% Ø.

UM: 8% /, 92% Ø.

Samla: 24% /, 76% Ø.

UM01 har gjennomført bortfall av / i tilfella over, mens resten nesten har det, med unntak av formene for «folk», som ikkje dukkar opp hjå UM01. GK04 har i tillegg både ei form med og ei utan bortfall av / i formene ho produserer av «kjelke». Dei forskjellige formene av «sjølv» kjem av kva kjønn ordet refererer til, med *sjav* som hankjønnsform og *sjov* som hokjønnsform. I dialektkildringane er det òg for det meste bortfall av /. Svenungsen (1965) har ført opp «Fokje» (s.39), «Fyje» (s.41), «Hægh» (s.44), «Kaavæ» (s.48), «Kjaakje» (s.49), «Mjaak» og «Mjaakkjyr» (s.54-55), og «Sjave» og «Sjøl» i tyding «Husfaderen», og «Sjov» og «Sjovo» i tyding «Husmoderen» (s.71). I Ross (1906) finn ein «fokk» (s.12) og «fólk» i målprøvene frå Lårdal, Kviteseid og Seljord, «fýjə» og «fýgdə» (s.12 og 39), samt «fýgt» (s.39), «hæggə» (s.11), «kå'və» (s.11) og «kalv'ən» i målprøva frå Høydalsmo, «kjåkkji» (s.12), «mokkə» og «mjåkk» (s.12), og «sjav'(ə)» og «sjov» (s.11). Det blir òg skrive «[y]ngre folk vil gerne føre l'en inn att, som de alt er gjort i K[viteseid]. o S[eljord]. i dei fleste ordi» (Ross, 1906:11), som vitnar om at endringa kjem austfrå, via dei austlege kommunane i Vest-Telemark. Blant informantane verkar det stort sett som om konsonanten ikkje har kome tilbake, med unntak av «folk», der forma med / dominerer. Dei yngre informantane har mykje høgare prosent av førekommstar utan / enn dei eldre, så utviklinga verkar ikkje å gå i retning av former med / att.

5.3 Variabel 3 – Konsonantsamband med eldre *rn*

Barn > GK04: *bân(dåmmen)* (1), *bâne(hajen)* (1), *bân(jøle)* (2), (*sjyssj'n*)*bân* (2), GK08: *bân* (1), *bân(jølur)* (*bânjølor*) (2), *barne(pikur)* (1), *barne(år)* (1).

Dør > GK08: *dynn* (1).

Fjernsyn > GK04: *fjærnsyn* (1), GK08: *fjærnsyn* (1).

Garn > GK04: *gân* (2), GK08: *gårn (garn)* (2), *gâne (gårne)* (1).

Jarn > GK08: *jønn(alldern)* (1).

Korn > GK08: *kønn(staurane)* (1).

Stjerne > UM01: *jule(stjernen)* (1).

Tårn > UM01: *tårn* (1), UM05: *tårn* (1).

Ørn > UM05: *Ørne-* (1), *Ørnenuten* (1).

GK: 71% *n*, 29% *rn*.

UM: 100% *rn*.

Samla: 95% *n*, 5% *rn*.

Det var svært få førekomstar av konsonantsambandet i ytringane til dei yngre informantane, og både «tårn» og «ørn» er ord som det er vanleg å ha retrofleks uttale av (Skjekkeland, 1997:117), så desse formene vil ikkje bli talde med i den samla prosenten under, men er førte opp for oversiktas skuld. Det er likevel interessant variasjon blant dei eldre informantane, så eg vel å taka med denne variabelen. Hjå GK04 er det berre éin førekomst der konsonantsambandet blir uttala som ein retrofleks, mens GK08 har nesten like mange førekomstar av både slag. UM01 si form av «stjerne» kan moglegvis ha vore påverka av at han sa tittelen på ein film, nemleg *Reisen til julestjernen*. Dialektskildringane viser til former som i all hovudsak er utan *r*. Svenungsen (1985) har ført opp «Baan» (s.33), «Dhyn» (s.36), «Gaahn» (s.42), «Jøhn» og «Jeen» (s.46), «Kohn» (s.48), «Skjønnur» (s.69), og «Ørn» (s.105).

I Ross (1906) er det ført opp «*kónn*» (s.9), «*bån*», «*gårn*», og «*sjonə*» (s.12), og han nemner på same side «*örn*» som eit unntak frå hovudmønsteret *rn* > *nn*. Det verkar som om *r* smått er på veg tilbake alt hjå dei eldre informantane, og at konsonantsambandet då får retrofleks uttale, og ein ser ut ifrå ytringane til GK08 at dei ulike realiseringane kan brukast om einannan. Nyare ord, som «*fjernsyn*», kan hende ikkje har fått assimilert konsonantsambandet, og vil moglegvis vera meir utsette for å ha retrofleks uttale. Ein får ikkje trekt utviklingslinjer mellom dei eldre og yngre informantane ved denne variabelen, men ein får likevel sjå korleis konsonantsambandet blir realisert i dag samanlikna med tidspunktet for dei to dialektskildringane.

5.4 Variabel 4 – Konsonantsamband med eldre *nd*

And > GK08: *annda* (1), *ænndar* (1).

Blande > GK08: *blannde* (1), UM05: *blanndar* (1).

Ende > UM01: *ænnde* (1), UM05: *ænnde* (1), *ænnd'n* (1).

Endå > GK04: *ænndå* (1), *ænnda* (1), GK08: *ænndå* (1), UM05: *ænndå* (2).

Grend > GK04: *grænnin* (3), *grænnine* (1), *grænnde(vegur)* (1).

Hand > GK04: *hannda* (1), (*ivi*)*hånnnd* (1), GK08: *hånnnd(arrbæi)* (*hanndarrbæi*) (1).

Land > GK04: *lannde* (1), *Hadlann* (1), *Nesslann* (1), *Ræulann* (3), GK08: *lannde* (2), *Ræulannd* (*Ræuland*) (2), *Ræulann* (3), UM01: *Eddlann* (1).

Lende > GK08: *lænnde* (1).

Sand > GK08: *sannd'n* (1).

Sende > GK08: *sænnde* (1).

Strand > GK08: *Møstrånnnd* (1), *Møstrånn* (1).

Under > GK08: *onnde* (3).

Vende > GK04: *vænnda* (1), GK08: *vænndur* (1), UM01: *vænnda* (1).

GK: 65% *nd*, 35% *nn*.

UM: 88% *nd*, 12% *nn*.

Samla: 69% *nd*, 31% *nn*.

Alle informantane har stort sett ikkje assimilasjon til *nn*, utanom i stadnamna. Her varierer det noko, men det er assimilasjonsproduktet som viser seg mest. GK04 syner i tillegg variasjon av både assimilasjon og bevart *nd* i paradigmet til «grend». Frå dialektskildringane ser ein at det har vore noko variasjon i konsonantsambandet lenge. Svenungsen (1965) har ført opp «Aand» (s.31), «Ehndi» og «sæinasstæ-Ænde» (s.38 og 74), «enna» og «ænno» (s.102 og 114), «Græhn» (s.42), «Haand» (s.105), «Lann» og «Laand» (s.52), «Straand» (s.67), og «ondi» og «ondæ» (s.110 og 120). I Ross (1906) finn ein «ændå» (s.31), «hånd» (s.14), «land» i målprøva frå Mo og Lårdal, og «sændə», samt fleire verb som har beheldt *nd*, (s.39). Dialektskildringane samsvarar godt med informantdataa, og det ser ikkje ut til at assimilasjon av konsonantsambandet er mykje meir utbreidd enn det var tidlegare, eller at assimilasjonsproduktet er på veg inn blant dei yngre informantane.

5.5 Variabel 5 – Hokjønnsbøyning i bunden form eintal

Brakke > UM05: *brakka* (3).

Bok > UM01: (*instruksjons*)*bokje* (1).

Bygd > GK04: *byggdi* (1), GK08: *byggdi* (1), UM05: *byggde* (3).

Erfaring > GK08: *aerfarinje* (1).

Ferje > UM05: *færrja* (1).

Gruppe > GK04: *gruppa* (1).

Hand > GK04: *hannda* (1).

Hei > UM05: (*Hæukeli*)*hæie* (*Hæukeli* å *hæie*) (1).

Helg > UM01: *hæje* (4), UM05: *hæje* (3).

Kai > UM05: *kaia* (1).

Kasse > GK04: *kassa* (1).

Kjerring > GK08: *kjerrinji* (1), *kjerinje* (*kjerinja*) (1).

Løype > UM01: *josjløypa* (1).

Maskin > GK08: (*vasske*)*masjina* (1).

Salme > GK08: *sallma* (1).

Samling > GK04: *sammlinngi* (1).

Side > UM01: *sia* (1), (*vesst*)*sia* (1), UM05: *sia* (1).

Tid > GK04: *tii* (1), GK08: *tii* (4), *tie* (1), UM05: (*fæmm*)*tie* (1).

Trapp > GK04: *trappi* (1).

Veke > UM01: *vika* (*viku*) (1), UM05: *vika* (*viku*) (1).

Vende > GK04: *vænnda* (1), UM01: *vænnda* (1).

GK: 89% fylgjer mønsteret, 11% bryt mønsteret.

UM: 100% fylgjer mønsteret.

Samla: 95% fylgjer mønsteret, 5% bryt mønsteret.

Det er berre to former blant dataa her der bøyingsendingane ikkje fylgjer mønsteret for kløyvd hokjønn, nemleg *hannda* (GK04) og *vasskemasjina* (GK08). Nokre ord endar munnleg på vokal, men har likevel lik bøyingsending som dei som endar på konsonant, altså sterkt bøying, her «hei» og «tid». Både desse orda enda i gamalnorsk på konsonantar, «heiðr» og «tíð», og blir då bøygde som sterke hokjønnsord. I vinjemålet ser det så ut til at konsonantane har falle bort, mens bøyninga i bunden form eintal har heldt seg. Det nemnde skiljet i bøyingsendinga av sterke hokjønnssubstantiv som ein kan finne internt i vinjemålet, verkar òg til å vera heldt ved lag; dei to eldre kvinnene frå Rauland har stort sett *-i*-ending, mens mennene frå Edland har gjennomført *-e*-ending. I dialektksildringane finn ein òg likt

mønster. Svenungsen (1965) har ført opp «Bokje» (s.32), «Sia» (s.70), «Thiee» (s.76), og «Viika» (s.121). I Ross (1906:17-18) er det sett opp ein tabell for bøyning av substantiv, der han blant anna syner skilnaden mellom sterk og svak hokjønnsbøyning i bunden form eintal, med høvesvis -i/-e-ending i Rauland/Vinje, og -ā-ending for både stader. Formene informantane produserte fylgjer med få unntak Ross sin tabell, som Svenungsens oppføringar òg samsvarar med, og kløyvd hokjønn ser heller ikkje ut til å vera på vikande front.

5.6 Variabel 6 og 7 – Jamvekt og bortfall/kontraksjon i infinitiv

Bera > GK04: *bera* (1), GK08: *bera* (1).

Bu > GK04: *bu* (1), GK08: *bu* (1).

Gjera > GK04: *jera* (3).

Gjeva > GK08: *jeva* (1).

Gå > GK04: *ganne* (4).

Ha > GK04: *hava* (2), *ha* (4), GK08: *hava* (2), *ha* (1), *havve* (1), UM01: *ha* (3), UM05: *ha* (5).

Klaga > UM05: *klaga* (1).

Koma > GK04: *kåma* (1), *kåmma* (1), GK08: *kåma* (2), *kåmma* (*kåmme*) (2), UM01: *kåmma* (1).

Seia > GK04: *sæia* (2), *sæi* (5), GK08: *sæia* (6), *sæi* (1), UM01: *sæi* (20), UM05: *sæi* (1).

Setje > GK08: *seta* (1).

Sitje > GK04: *sita* (2), *sitta* (1), UM01: *site* (2), *sikkje* (1).

Sova > GK04: *såve* (1).

Stå > UM05: *stannde* (1).

Taka > GK04: *taka* (5). GK08: *taka* (1), UM01: *ta* (1).

Vera > GK04: *vera* (8), *ver* (2), GK08: *vera* (4), UM01: *vera* (6), *ver* (1), UM05: *vera* (7), *ver* (*vørrå*) (2).

Vita > GK04: *vita* (1).

GK: 76% -*a* som infinitivsending i jamvektsord, 3% -*e* som infinitivsending i jamvektsord, 21% korta ending i jamvektsord.

UM: 29% -*a* som infinitivsending i jamvektsord, 6% -*e* som infinitivsending i jamvektsord, 65% korta ending i jamvektsord.

Samla: 55% -*a* som infinitivsending i jamvektsord, 4% -*e* som infinitivsending i jamvektsord, 41% korta ending i jamvektsord.

GK: 72% *tostava*, 28% *einstava*.

UM: 30% *tostava*, 70% *einstava*.

Samla: 52% *tostava*, 48% *einstava*.

Jamvektsorda i lista over er valde ved hjelp av Hellevik (1996:305-306), og forfattaren påpeikar at infinitivane han fører opp normalt får infinitivsending på -*a*, men at ulike målføre kan ha noko ulike reglar for kva verb som faktisk får endinga. Infinitivar med moglegheit for bortfall eller kontraksjon i lista over er henta ved hjelp av Beito (1986:278). Grunnen til at jamvekt og bortfall/kontraksjon både blir teke for seg samtidig, er, som ein ser ut ifrå dataa, at bortfall/kontraksjon òg kan råke jamvektsord, så ved å slå desse to variablane saman slepp ein å føre opp storparten av formene to gonger. Svenungsen (1965) har ført opp «Jeera» (s.47), «jeehva» (s.47), «hava» (s.45), «Kaama» (s.51), «seyá» (s.74), og «soova» (s.75), samt overvektsinfinitivar med -*e*-ending gjennom heile boka. Ross skriv: «Den eldre jamvegti syner seg i heile maalvalde [...]» (1906:3). Jamvektsmønsteret ser ut til å halde seg bra hjå informantane i infinitivar som endå er *tostava*, men bortfall av endinga ser heilt klart ut til å vera på veg inn for fleire ord, og gjer både jamvekts- og overvektsinfinitivane *einstava*. Det kan vera verdt å merkje seg at dei tjue førekommstane av *sæi* i ytringane til UM01, påverkar dei endelege tala ein god del, og sytten av desse kjem frå det faste uttrykket «heldt på å *seia*». Sjølv om infinitivsforma til UM01 av dette ordet, samt førekommstfrekvensen av ho, kan

ha blitt påverka av dette faste uttrykket, har eg likevel valt å telje med førekomstane, sidan dei ikkje skil seg merkverdig ut, og er brukta elles i dei hine informantane ytringar.

5.7 Variabel 8 – Morfonologisk veksling av velalar

Bok > GK08: *bok* (1), *bøkar* (1), UM01: (*instruksjons*)*bokje* (1).

Bruk > GK04: (*gasj*)*brukji* (2), UM01: (*gasj*)*bruk* (1).

Byggje > GK04: *byffe* (*byggje*) (1), *byffer* (*byggjer*) (1), *byggde* (1), *bykkt* (3).

Dag > GK04: *dag* (16), *dajen* (1), (*mid*)*dag* (1), GK08: *dag* (3), *dajen* (1), *dagar* (2), UM01: *dagar* (1), (*månn*)*dajen* (1), UM05: *dag* (2), *dajen* (2) *dagar* (3), *dagane* (1), (*mid*)*dajen* (1), (*månn*)*dag* (2).

Farge > GK04: *farrjen* (1), *farrgerikt* (1), GK08: *farrgar* (1).

Folk > GK04: *føllk* (1), *føllke(tale)* (1), GK08: *føllk* (1), (*by*)*føllkjje* (2), UM05: *føllk* (1), *fokk* (1), *fokkje* (1).

Fylgje > GK04: *fyje* (2), *fygde* (2).

Gong > GK04: *gånnng* (1), UM01: *gånnng* (1), *gånnngen* (1), UM05: *gånnng* (*gonng*) (3), *gånnngjen* (*gånnjen*) (1), *gånnngur* (1).

Gå > GK04: *ganne* (3), *jænng* (2), *jænnje* (3), *jænnngji* (1), GK08: *ganne* (1), UM01: *jænng* (1), *jænnngji* (*jenngji*) (1), UM05: *jænng* (*jenng*) (5).

Helg > UM01: *hæg* (1), *hæje* (4), UM05: *hæje* (3).

Kjerring > GK08: *kjerinji* (*kjerinja/kjerrinji*) (2).

Krig > GK08: *krijen* (3), UM01: (*snoball*)*krig* (1), UM05: (*snoball*)*krig* (1).

Legg > GK04: (*ann*)*legg* (1), UM01: (*upp*)*leffe* (1), UM05: (*ann*)*leffe* (1).

Leggje > GK04: *legg* (1), *lakkt* (1), GK08: *la* (1), UM05: (*plan*)*leffe* (1).

GK: 91% fylgjer mønsteret, 9% bryt mønsteret.

UM: 95% fylgjer mønsteret, 5% bryt mønsteret.

Samla: 93% fylgjer mønsteret, 7% bryt mønsteret.

For denne variabelen er former der den morfonologiske vekslinga er forventa å finne, men òg andre former i dei gjeldande ordas paradigme, ført opp, slik at ein kan få auga på korleis stammen eventuelt endrar seg. For utrekninga av prosenten som fylgjer, er naturlegvis berre formene som kan bli palataliserte teke med. Det er berre eitt tilfelle hjå UM01 (*gånnngen*) og to tilfelle hjå GK04 (*farrgerikt* og *føllketale*), der den forventa morfonologiske vekslinga ikkje finn stad. Då ser ein bort ifrå «*ganne*», som verkar som eit unntak, kanskje på grunn av at endevokalen tidlegare var *-a*, som ikkje fører til palatalisering i denne samanhengen. Dialektskildringane syner nokre av formene i takt med vekslingsmønsteret. Svenungsen (1965) har ført opp «*Bok*» (s.101) og «*Bokje*» (s.32), «*Dajæn*» (s.35), «*Dagæ*» (s.118), og «*Dag*» (s.137), «*Fokje*» (s.39), «*Hægh*» (s.44), «*Kjeereeng*» og «*Kjæddeeng*» (s.48), «*Krih*» (s.49), og «*Leehjæ*» (s.54). Ross skriv at «[k] o g vert *i*-fengne i all bøygjing o samansettjing (1906:22), og ein kan sjå eitt eksempel sida før, der han set opp bøyingsparadigmet for «dag». Dette samsvarar godt med informantdataa, det er ytst få gonger informantane bryt med vekslingsmønsteret, og denne morfonologiske vekslinga ser ikkje ut til å skulle falle bort.

5.8 Resultat

Som dataa over syner, førekjem dei tradisjonelle formene av variablane oftast hjå informantane. Likevel dukkar det opp ein del andre former òg, og for nokre av variablane har uoppavlege former fått stort innpass samla sett hjå dei yngre informantane. Ein kan samle alle former for kvar variabel hjå dei einskilde informantane, som stemmer overeins med målmerka slik dei er skildra for vinjemålet, i ein «dialektscore», for å få eit konkret tal på kor mange opphavlege former informanten har i ytringane sine. Alt av former lista opp over blir ikkje teke med i denne utrekninga: dei formene under variabel 8 som etter mønsteret ikkje kan bli palataliserte, og berre er ført opp for å vise vekslinga; formene under variabel 5 med

forventa -a-ending, førte opp av same grunn, då denne endinga er den mest vanlege i Noreg, og det kan vera vanskeleg å seia om endinga er bevart eller lånt inn; unntaksformer som «ganne», «tårn» og «ørn». Tala blir fylgjande:

GK04: 69%.

GK08: 81%.

UM01: 42% (57%).

UM05: 82%.

Dei to prosentane for UM01 er høvesvis med og utan sytten av førekomstane av «sæi», som trekk scoren hans betrakteleg ned, sidan dette kan skapa eit misvisande resultat fordi desse sytten førekomstane berre dukkar opp i eit fast uttrykk, jamfør s. 22-23. Uansett scorar GK08 og UM05 nokså mykje høgare enn både GK04 og UM01, og dei fyrstnemnde sine ytringar viser stort sett samsvar ned dei tradisjonelle formene slik dei er skildra over, med berre nokre unntak her og der. GK04 har òg mange førekomstar av tradisjonelle former, men blandar somme tider andre former inn, og har i nokre tilfelle ikkje førekomstar av dei opphavlege formene i det heile. UM01 har, om ein reknar med alle dataa, færre tradisjonelle former enn avvikande former, sjølv om han i nokre tilfelle samsvarar heilt med dialektskildringane. Det kan sjå ut som om det er ein tendens til å vera større grad av enten eller blant dei yngre informantane enn hjå dei eldre, teke variablane i denne oppgåva i betraktning. Ein kan nytte seg av tradisjonelle former i stor grad for mesteparten av variablane (UM05), eller ein kan nytte seg av omtrent like mange tradisjonelle som ikkje-tradisjonelle former, med ganske konsekvent bruk for kvar variabel (UM01). Blant dei eldre informantane kan ein likeins nytte seg av dei tradisjonelle formene i stor grad for kvar variabel (GK08), men her er det òg mykje blanding mellom tradisjonelle og ikkje-tradisjonelle former innanfor same variabel (GK04). Utviklinga ser altså ut til å vera at vinjemålet på individnivå held seg bra for nokon, mens for andre blir visse målmerke i stor grad erstatta med andre former.

Ser ein på den samla prosenten for kvar generasjon, samt alle fire samla, får ein:

GK: 74%.

UM: 60%.

Samla: 69%.

Dette viser at det er ein nedgang i førekomensten av tradisjonelle målmerke karakteristiske for vinjemålet, slik målet blir skildra i litteraturen, frå dei to eldre informantane til dei to yngre, men at det samla likevel førekjem flest tradisjonelle former. Det er som sagt alt for få informantar til å gjeva eit heilskapleg bilet av talemålssituasjonen i Vinje, men tala kan likevel vitne om moglege tendensar som kan gå føre seg blant språkbrukarane der. Enkelte variablar har mykje variasjon, med innslag av former som ikkje opphavleg var å finne i Vinje, mens andre variablar att nesten berre har opphavlege former. Det er kanskje kortformer av infinitivar som er mest utbreidd av dei uoppfølege formene, men om dette er påverknad utanfrå eller berre korting av ord generelt kan vera vanskeleg å seia. Sidan GK08 og UM05 sine dialektscorar omtrent er like, er det forskjellen mellom GK04 og UM01 som utgjer nedgangen i tala synt her. Det er då skilnaden mellom GK04s variasjon innanfor ein og same variabel og UM01s meir konsekvente bruk av former for kvar variabel som blir avgjerande, noko som kan vera ein utviklingstendens mellom generasjonane, men som ein treng meir data for å konkludere.

6. Påverknadsfaktorar og årsaksdrøfting

Som resultata over viser, finn ein både tradisjonelle og utradisjonelle former for kvar målmerkevariabel, når dialektskildringane til Svenungsen og Ross ligg som samanlikningsgrunnlag. Både bevarte og endra former treng å bli forklart, og sjølv om måten påverknadsfaktorar har eller ikkje har spelt inn på kan vera særskilt kompleks, skal det likevel gå an å få auga på mønster i talemålsendringa, som ein kan nyte for å kaste ljós over kva som har hendt. I denne bolken skal eventuelle årsaker og påverknadsfaktorar leggjast fram, for å freiste å forklare kvifor informantanes former over blei som dei blei.

Språkendring kan vera påverka av både ytre og indre faktorar. Årsaker i språket sjølv, som ved blant anna analogisk utjamning, blir kalla indre faktorar, mens årsaker utanfor språket, som for eksempel endring av samfunnsstruktur, kan forandre tilhøva for språkbrukarane, og dermed indirekte forårsake språkendring (Skjekkeland, 1997:22-23). Å setje opp faktorar for språkendring som ein dikotomi har likevel blitt kritisert, blant anna ved å påpeike at språk er eit sosialt fenomen ein ikkje kan separere heilt frå sine sosiale funksjonar (Røyneland, 2005:38). Sjølv om interne faktorar kan leggje føringar for visse endringar, vil uansett endringa vera avhengig av sosiale forhold, altså eksternt motivert (Røyneland, 2005:38). Som nemnd er det grunn til å tru at innbyggjarane i noverande Vinje kommune tidlegare var under mindre påverknad frå sentrumstendensar enn fleire andre stader i Noreg, og at dette har vore med på å bevart tradisjonell kultur, deriblant målet. Men som utbreiinga av ein del av målmerka over vitnar om, spesielt dei felles med Setesdalen, har vinjemålet truleg blitt påverka av talemåla i omlandet. Det er altså ikkje eit spørsmål *om* vinjemålet har blitt påverka utanfrå, men heller ifrå kor. Språkbrukarar i kontakt vil påverke språkbruken imellom seg, avhengig av dei sosiale forholda som spelar inn, og for vinjemålet kan det sjå ut til at det var dei sosiale forholda nærmere Vinje som vekta tyngst, noko som kan forklare dei arkaiske formene ein finn blant informantane. Skjekkeland (1997:21) skriv at midlandske dialektar i Noreg ofte representerer «reliktområde», i motsetning til kysten, som kunne vera eit aktivt novasjons- og spreiingsområde, og dette har truleg delvis vore eit resultat av språkbrukarane i kvart område sine omgangskrinsar. Men samfunnet i Noreg i dag har som sagt forandra seg mykje dei siste 70-80 åra, og med det kan nye omgangskrinsar oppstå. Vinjemålet vil då truleg få påverknad frå andre plassar enn tidlegare, som då blir med på å forme målet.

Arbeid og utdanning har mykje å seia for kor folk bur og flyttar seg, og dermed kven dei møter og talar med. Eksempelvis kjem det ifylge ein rapport om studiemobilitet i norsk høgare utdanning fram at studentar som regel ikkje dreg langt når dei vel studiestad, at dei har ein «nærhetspreferanse» i dei geografiske flyttingsmönstera sine, og at dei som forlét heimfylket sitt helst reiser til nærliggande fylke i same region, som for Vestfold og Telemark vil seia Region Aust (Roedelé & Aamodt, 2001:9, 78). Dette kan vera eitt vitne om at omgangskrinsen til innbyggjarane i Vinje truleg går meir austover enn tidlegare, og at då

impulsar utanfrå i større grad kjem frå dette området. Dialektnivellering kan oppstå når mål møtast, der typiske tradisjonelle trekk vik for nyare trekk (Røyneland, 2018:246), og dette kan moglegvis forklare nokre av formene som har dukka opp i informantanes ytringar.

Resultatet av dialektnivellering kan nokre gonger vera former identiske med påverknadsmålet, jamfør «såve» (s. 21) i staden for «søva», mens det andre gonger oppstår kompromissformer, jamfør «køllur» og «køddur» (s. 15), der delateraliseringa er fråverande, mens den tradisjonelle fleirtalsendinga for Vinje er til stades. Det er ikkje alltid lett å seia kor påverknaden nødvendigvis kjem ifrå, men gjeve den moglege endra omgangskrinsen til Vinje austover, kjem truleg ein stor grad av påverknaden derfrå.

På Austlandet kan ein sjå tendensar til både dialektdaude og dialektskifte, sjølv om utviklinga råkar ulikt frå stad til stad, og dei fleste plassar dominerer vertikal nivellering, altså mot nærmeste bymål og/eller mot standard austnorsk (Røyneland, 2018:250). Dette ville stemme overeins med Vinjes nye omgangskrins foreslått over. Det går føre seg fleire ulike regionale utviklingar elles i landet òg, men samanlikna med dialektar på Austlandet er dei relativt godt bevarte (Røyneland, 2018:249-250). Men Vinje ligg som nemnd ved grensa til Vestlandet, langt ifrå det kraftige normsentrumet i regionen sin, Oslo (Røyneland, 2018:249), og teke dataa over i betrakning, kan ein neppe tala om verken dialektdaude eller dialektskifte blant informantane. Sjølv om avstandar har blitt kortare på grunn av betre infrastruktur og køyretøy, vil lokasjon uansett spela inn, og språkbrukarane vil, sjølv om det i større grad enn før er interaksjon austover, framleis møte språkbrukarar i nabobygdene i Vestland og Agder, og dermed få impulsar herifrå òg.

Det kan vera fleire ulike årsaker til at vinjemålet bevarer tradisjonelle målmerke. Nemnde nettverksteori studerer korleis enkeltindividet inngår i eit dynamisk samspel med andre enkeltindivid (Mæhlum, 2008:116). Rurale samfunn har typisk tette nettverk med multiplekse relasjonar, i motsetning til moderne, urbane og mobile samfunns typisk opne nettverk med uniplekse relasjonar, og resultatet av slike tette nettverk kan vera at dei har funksjon som ein normbekreftande mekanisme, og då òg som eit sentralt identifikasjonsfellesskap (Mæhlum, 2008:117). Bygdene i Vinje kan seiast å ha tette nettverk,

med lite folketalsvekst og få innbyggjarar (SSB, 2020), der ein person kan ha fleire samfunns-/ sosiale roller ovanfor andre innbyggjarar, og dette gjev grunnlag for stabil og homogen språkbruk (Tvitekkja, 1998:18). Ein slik språkbruk kan fungere som grunnlag for eit språksamfunn, jamfør s. 5, og kan vera delaktig i at impulsar utanfrå ikkje får like godt feste som i samfunn prega av større språkleg mangfold. Dersom språkbrukarar har ei oppfatning av tilhøyrslle til eit språkleg fellesskap, med ein varietet ein meir eller mindre kan avgrense, vil moglegvis utradisjonelle former markere seg meir ut, og signalisere brot med varieteten. Korleis språkbrukarane kjem til å stille seg til dette vil variere, men det oppfatta skiljet mellom vinjemål og anna mål vil truleg vera klarare dersom det finst ei oppfatning om kva vinjemål er.

Talespråket varierer «[...] fonologisk, morfologisk, leksikalsk, semantisk, syntaktisk og prosodisk i høve til ulike sosiale faktorar og i høve til den sosiale situasjonen, særleg etter graden av formalitet ved kommunikasjonssituasjonen» (Akselberg, 2008:135). Dette harmonerer med språktilpassingsteorien, jamfør s. 8, og bringer opp spørsmålet om kva for språkleg register informantane i denne oppgåva måtte ha, og kvifor dei i så fall nytta seg av varieteten dei gjorde under opptakssituasjonen. GK04 blandar som sagt nokre gonger innanfor same variabel, og dette kan vitne om at informanten har fleire register ho kan bruke, både med og utan karakteristiske målmerke, men sidan det berre er enkeltord her og der, kan ein nok ikkje seia at ho vekslar mellom heile språksystem i opptaka. Det kan likevel hende informantane meistrar ulike språksystem, men at dei ikkje brukar dei her fordi dei vil gjeva korpuset det dei trur korpuset vil ha, nemleg opptak av varieteten vinjemål. Ein opptakssituasjon er og blir ein opptakssituasjon, og alt av informasjon og situasjonspersepsjon vil påverke ein språkbrukar i hens språklege tilpassing. Dei tradisjonelle formene som kom fram i opptaka her kan moglegvis vera noko overrepresenterte, sidan informantane alltid rettar på seg sjølv i retning utradisjonell form til tradisjonell form, sjølv om det uansett er klar overvekt av dei tradisjonelle formene.

7. Konklusjon

Ikkje uventa har det vore endringar i måten innbyggjarane i Vinje kommune talar, både frå Svenungsens tid, fram til Ross si tid, og opp til i dag, til og med mellom samtidas generasjonar. Likevel er målmerka litteraturen fører opp som karakteristiske for talemålet i Vinje, i stor grad å finne i dei fire informantane taleopptak, noko som går imot utviklingstendensen for store delar av Austlandet, der vertikal nivellering påverkar dei ulike talemåla i stor grad. Dei endringane som likevel har hendt, har truleg fått størst påverknad austfrå, grunna samfunnsendringar som har ført til endra omgangskrinsar for kommunens innbyggjarar. Visse målmerke heldt seg godt, som variabel 2, 4, 5 og 8, mens andre syner seg sjeldnare blant dei yngre informantane, som variabel 1 og 7, og som forskjellen mellom GK04 og UM01 syner, kan eit mogleg mønster for påverknaden vera at der den eldre generasjonen kan blande tradisjonelle og utradisjonelle former, legg den yngre generasjonen heller vekk enkelte tradisjonelle former, slik variabel 1 syner godt. Kva for målmerke dette skal gjelde er vanskeleg å svara på, men det heng sannsynlegvis saman med kor markert og utbreitt eit trekk er, kor stor den lingvistiske avstanden mellom dei opphavlege formene og dei formene utviklinga skjer imot er, sosiale forhold som omgangskrins og nettverkstettleik, og individuelle register og språktillpassingsstrategiar. Vinjemålet har blitt omtala som ein varietet i eit reliktområde, grunna bevaringa av arkaiske trekk og karakteristiske målmerke, og dette er nok ein treffande karakteristikk endå, men utviklinga kan gå ulike vegar, og dersom ho fylgjer tala i denne oppgåva, ser det ut til at visse målmerke kan bli endra mot eller samanfalle heilt med former ein finn austover. Uansett er vinjemålet, som andre varietatar, i stadig endring, og ein kan berre spekulere i kva retning utviklinga vil gå.

8. Litteratur

Akselberg, G. (2008). Talevariasjon, register og medvit. I *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk* (s. 127-147). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Akselberg, G. & Mæhlum, B. (2008). Sosiolingvistisk metode. I *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Bakken, K. (2001). Fokk og fjødd – om utviklingen av gammelnorsk / i Vest-Telemark. *Maal og minne*, 01(2), 183-209. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digididsskrift_2014112882044_001.

Beito, O. T. (1986). *Nynorsk grammatikk: Lyd- og ordlære* (2. utg.). Oslo: Det Norske Samlaget.

Berge, R. (1940). *Vinje og Rauland*. Stavanger: Dreyers Grafiske Anstalt.

Bjorvand, H., Hovdhaugen, E. & Simonsen, H. G. (1986). *Språkvitenskap: En elementær innføring* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Borgstrøm, C. Hj. (1958). *Innføring i sprogvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.

Helleland, B. & Papazian, E. (1981). *Norsk talemål*. Oslo: NRK.

Hellevik, A. (1996). *Nynorsk ordliste: Større utgåve* (8. utg.). Oslo: Det Norske Samlaget.

Hovdhaugen, E. (1986). Språk og språkvitskap. I H. Bjorvand, E. Hovdhaugen & H. G. Simonsen (Red.), *Språkvitenskap: En elementær innføring* (2. utg., s. 14-27). Oslo: Universitetsforlaget.

Johannessen, Janne Bondi, Joel Priestley, Kristin Hagen, Tor Anders Åfarli & Øystein Alexander Vangsnes. (2009). The Nordic Dialect Corpus - an Advanced Research Tool. I Jokinen, Kristiina and Eckhard Bick (Red.): Proceedings of the 17th Nordic Conference of Computational Linguistics NODALIDA 2009. NEALT Proceedings Series Volume 4. Henta frå <http://tekstlab.uio.no/nota/scandiasyn/>

Kartverket. (2020, 9. mars). Arealstatistikk for Norge. Henta frå <https://www.kartverket.no/kunnskap/Fakta-om-Norge/Arealstatistikk/Arealstatistikk-Norge/>

Myran, A., Kramviken, T., Flatastøyl, O., Torgrimsen, S., Breivik, A. V., Strømme, T. & Groven, E. (1966). *Vinje: Kjenn din kommune*. Rjukan: Rjukan Arbeiderblads Trykkeri.

Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. & Sandøy, H. (2008). *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistik*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Mæhlum, B. (2008). Språk og identitet. I *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistik*. (s. 105-126). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Roedelé, S. M. & Aamodt, P. O. (2001). *Studiemobilitet i norsk høyere utdanning* (9/2001). Henta frå <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/274156/NIFUrapport2001-9.pdf?sequence=1>.

Ross, H. (1906). *Norske bygdemaal II: Vest-telemaal*. Christiania: A. W. Brøggers Bogtrykkeri.

Røyneland, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet: Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset* (Doktoravhandling). Universitetet i Oslo, Oslo.

Røyneland, U. (2008). Språk og dialekt. I *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistik* (s. 15-34). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Røyneland, U. (2018). Utjamning og ny variasjon frå ca. 1945 til i dag. I B. K. Mæhlum (Red.), *Norsk språkhistorie II: Praksis*. (s. 163-256). Oslo: Novus Forlag.

Sandøy, H. (1996). *Talemål* (2. utg.). Oslo: Novus Forlag.

Skjekkeland, M. (1997). *Dei norske dialektane: Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Statistisk Sentralbyrå (2020). Vinje. Henta frå <https://www.ssb.no/kommunefakta/vinje>.

Svenungsen, N. (1985). *Det norske fjeldsprog*. Oslo: Novus Forlag.

Tvittekja, S. (1998). *Talemålsendring og sosial variasjon: Ei granskning av sosiolinguistiske tilhøve i Vinje i Vest-Telemark* (Hovudfagsoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.

Van Herk, G. (2018). *What is sociolinguistics?* (2. utg.). Chichester: Wiley-Blackwell.

